# Hospitering tysdag 11. mars

Hospitering tysdag 11. mars
Som annonsert tidlegare, kom 9.-klassingar frå Volda ungdomsskule til oss tysdag 11. mars, for å vere "elevar" på ST, MD, MK og SA heile dagen.

Etter ei kort felles orientering for alle, vart dei besøkjande elevane fordelte på dei 4 utdanningsprogramma våre, ST (studiespesialisering), MD (musikk, dans og drama), MK (medium og kommunikasjon) og SA (service og samferdsel).

Kl. 11 vart så alle samla til felles gratis lunsj i kantina.

Deretter heldt hospiteringa fram til kl. 14.

Med nokre få unntak var det elevar og lærarar på Vg2 som fekk besøk.

Aktivitetane Volda-elevane fekk vere med på, var:

- Tysk, fransk, spansk
- "Rettssak" i rettslære
- Forsøk i naturfag og fysikk
- Musikkformidling, samspel-workshop, musikkquiz og kor
- Radio/lydstudio, avis, web/multimedia, foto og animasjon
- Diverse aktivitetar på SA

Det verka absolutt som elevane hadde det kjekt hos oss.

Vi takkar elevar og lærarar for flott innsats!

Under nokre bilete frå dagen. Foto: Inge Kvamme

Først frå samspel-workshop:











Så frå "rettssak" i rettslære :





Vidare til forsøk i fysikk:






...og til forsøk i naturfag:



Eit bilete frå animasjon:



Til slutt to andre bilete frå media, tekne av MK-elevar:







2008.03.11 15:57

Nei